



Arnljot Jordal
Lurevegen 1467
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15322 - 20/66668

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
22.10.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 141/17 Kvamme nedre

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 141/17
Tiltakshavar: Arnljot Jordal og Gro Hjellvik Jordal

Alver kommune har den 09.09.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømring den 25.08.2020 vart registrert lågt nivå og lekkasje i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Kvamsvegen 2, 5911 Alversund. Lågt nivå i septiktanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje i septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 05.01.2021

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Arnlot Jordal	Lurevegen 1467	5912	SEIM
Gro Hjellvik Jordal	Lurevegen 1467	5912	SEIM